

Meland kommune  
Havnevegen 41  
5918 Frekhaug

Dato: 21.10.2016  
Vår ref.: 2016/6750-41  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

Nina Randal

## Underretting om tildeling av tilskot - Den kulturelle spaserstokken 2016

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Den kulturelle spaserstokken 2016

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 12. oktober 2016, sak 130/2016, vedteke å tildele 36000 kr i tilskot til Den kulturelle spaserstokken 2016.

### Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 20160901 var det kome inn søknader frå alle 33 kommunane i Hordaland. Samla er det søkt om kr 4.873.500,-. For 2016 har Hordaland fylkeskommune 3000000 kr til fordeling under Den kulturelle spaserstokken 2016 i år.

I brev frå Kulturdepartementet til alle fylkeskommunane, datert 28.03.2014, står det m.a. at *midlane til kommunane skal fordelast ut frå kvalitative og/eller kvantitative kriterium som kan fastsetjast av den enkelte fylkeskommunen i tråd med overordna formål for ordninga.*

I Hordaland har Utval for kultur, idrett og regional utvikling for 2016 valt at vurdering av søknader vart basert på ei kvantitativ vurdering (80 % av midlane) og ei kvalitativ vurdering (20 % av midlane). Den kvantitative vurderinga vart basert på 3 kriteria: 1) Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen, 2) Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning og 3) Areal. 20 % av midlane vart fordelt etter ei skjønsmessig vurdering. Kriteria som vart lagt til grunn for denne vurderinga var følgjande: programinnhald, nyskaping, utvikling av program, og samarbeid.

Det vert elles vist til saksframlegg og vedtak.

### Saksprotokoll:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=8052&caseType=Protokoll&registryEntryId=237998>

### Saksframlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=8103&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=239777>

### Vedlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=239777&documentId=415754>

I saksframlegget har fylkesrådmannen gitt kommentarar til innstilling på tilrådd kvalitativ fordeling. Det er viktig å ikkje ta kvar kommentar som ei fyldestgjerdande grunngjeving for tilråding, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, søknadssum, samt tildelinga i 2015.

### Utbetaling

Beløpet vil bli utbetalt til dykkar bankkonto med det første.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Vilkår for tilskotet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnad:

- Midlane skal nyttast innanfor føremålet med Den kulturelle spaserstokken som er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.
- Midlane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.
- Tiltaka som får støtte skal være gjennomførte innan 31. desember 2016.
- Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering.
- Det skal ikkje ytast tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

### Rapportering

Rapport med rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga innan 1. kvartal 2018.

Rapporten skal gje ei kortfatta skildring av korleis midlane har vore nytta. Det vil verte utarbeidd ein mal for rapportering.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar  
utviklingssjef

Sakshandsamarar: Marianne Ose Askvik og Elin Molven Wilhelmsen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*